


Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 – Haust 2016 – 87. årg.



Nymåla Flatdal kyrkje

Helg og Høgtid

REDAKSJON:

Kyrkjekontoret

Telefon: 480 85 754

Bankgiro: 2711.20.31826

post@seljordkyrkje.no

Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00

Ondsdag 09.00-13.00

Torsdag 09.00-13.00

Elles treffetid etter avtale.

Kontoret kan være ubemanna pga oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim

Mobil: 907 78 921

dag.harald@seljordkyrkje.no

Ungdomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409

petter@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje Jon Svarddal

Mobil: 917 23 967

jon@seljordkyrkje.no

Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470

keith@seljordkyrkje.no

Soknediacon

Svanhild Rui Gustavsen

Telefon: 480 85 754

Mobil: 915 77 011

svanhild@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden

Mobil: 907 84 971

ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

Mobil: 975 45 943

eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd:

Kristine Nystad

Mobil: 466 52 462

Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skárnes

Mobil: 909 49 415

Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing

Telefon: 958 67 866

Heimeside:

www.seljordkyrkje.no



Andakt

Kristne verdiar?

Før ikkje lenge sidan, snakka eg med ein kar som hadde leia ein stor gruppesamtale om integrering av innvandrarar i det norske samfunnet. Alle i den store gruppa var nordmenn, og alle var einige om at det var viktig at dei som kom til landet vårt måtte tileigna seg og akseptera dei norske verdiane. Men så stilte møteleiaren spørsmål om kva som eigentleg er våre norske verdiar. Dermed tok diskusjonen full fyr, og ingen var lenger einige om noko som helst.

Om me hadde gjort eit liknande eksperiment med temaet kristne verdiar, og alle i gruppa var medlemmer av Den norske kyrka, så ser eg ikkje bort ifrå at resultatet hadde blitt om lag det same. Dei fleste ville vore einige om at det er viktig å overlevera dei kristne verdiane til neste generasjon, men kva som eigentleg er dei kristne verdiane ville det nok ikkje vera gjort på ei kveldsstund å bli einige om. Ut frå Bibelen kan me utleda mange gode verdiar. Me finn dei i Jesu talar, i breva til Paulus og til dømes i dei ti boda. Utfordringa kan vera korleis desse verdiane skal vektast i forhold til kvarandre, om ein verdi skulle koma i konflikt med ein annan i våre mange valsituasjoner. På dette området har kyrkja gjeve ulike svar til ulike tider. Verdiar som på 50- og 60-talet var svært tydelege i forkynninga, kan vera meir tona ned i dag, til fordel for eit sterkare fokus på andre verdiar. Noko av dette skiftet er naturleg, fordi også kristne lever i denne skiftande verda der stadig nye utfordringar dukkar opp. Samtidig gjev evangeliet klart uttrykk for å representera noko tidlaust.

Då Jesus vart spurta om kva som var det største bodet, svara han: «Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. (Matt 22,36)»

Eg trur at når me i dagleglivet står overfor vanskelege val, og opplever at ulike gode verdiar står mot kvarandre, så er det eit godt prinsipp å prøva det på det doble kjærleksboden, og gjerne samtale med andre om korleis ein kan velja rett

i respekt for både Gud og nesten. Verdiar er ingen eksakt vitskap, men dei er viktige, for anten me er medvitne om det eller ikkje, så styrer dei handlingane våre.

Asgeir Sele

Kyrkja si heimeside

Seljord kyrkjelege fellesråd har si eiga nettside. Denne finn du på:

www.seljordkyrkje.no


Me ønskjer at denne meir og meir skal verte eit ope vindauge ut mot heile prestegjeldet – Åmotsdal, Flatdal og Seljord.

På nettsida vil du finne oppdatert informasjon om kva for messer som skal haldaast dei ulike sundagane, om det er

mogelekhet for dåp, kven som skal ha offeret osb.

Dersom du skal melde born til dåp, melde deg til konfirmasjon, gifte deg eller melde deg til Lys Vaken, kan dette gjeast på heimesida.

Har du framlegg til noko som burde kunngjeraast på sida, kan du melde dette til kyrkjekontoret.



Kyrkja si heimeside finn du på **www.seljordkyrkje.no**



Organistens spalte

Jolekonsert i Seljord
kyrkje



Operastjerne **Jakob Zethner** er sangsolist i årets **Jolekonsert i Seljord kyrkje, søndag 11. desember kl 18.** Jakob bor i Lunde og har sunget roller på

operaen i Oslo, operaen i København, Kronborg slott i Danmark og Nidarosdomen blant andre steder. Gunn Steinstad kommer med barnekoret fra kulturskulen som nå har 32 medlemmer. Messing – og strykelever skal også delta. Sokneprest Dag Harald deler noen juletanker med oss og vi alle håper å dele julens glede med et veldig variert program. Inngangen er gratis med kollekt for å dekke utgifter. Jeg understreker at dette er en julekonsert for alle tre sogn som jeg sterkt anbefaler.

Andre konserter i Seljord kyrkje
Telemark messing emsemble og Glima
torsdag 3. november kl 19.



Glima.

Telemark messingensemble og folkemusikk-trioen Glima spiller bestillingsverk av Sauherad komponist Martin Ødegaard og et nytt verk av Henrik Ødegaard. Glima har en egen avdeling i konserten med musikk fra den nye CD'en som bli lansert i høst.



Telemark Messingensemble.

“Ekte Jul” Emil Solli Tangen, tenor med fl., onsdag 23. nov. kl 18 og kl 20.

“Ekte Jul” er en akustisk julekonsert med trioen Emil Solli-Tangen, Jan Birger Akerhaugen (akustisk gitar/sang) og Knut Olav Sandvik (kontrabass/sang). Repertoaret består av kjente og noen mindre kjente julesanger, og musikken spenner fra klassisk musikk til viser og jazz. Med sin allsidige musikalske bakgrunn sørger trioen for en variert julekonsert der alle kan føle seg hjemme.



Jeg inviterer alle som har sanglyst til øving **1. joledag i Seljord kyrkje kl 11.** Høytidsgudstjeneste starter kl 12.00 og vi skal syne kjente julesanger.

Keith mob: 97009470 – keith@seljordkyrkje.no

Slekters gang

Seljord

Døypete:

Emil Kvålo Nilsen
Amund Rue
Albert Berdal-Bø
Birte Aurora Kasin Antonsen
Sigrun Prestholt
Emil Andersson – Holmen
Tuva Djuve Sivertsen
Saamund Haugstoga

Vigde:

Lene Wadseth og Kjetil Myren
Brit Kristin Nærheim og
Vidar Jørgensen (Sterke- Nils tunet)

Døde:

| | |
|--------------------------|---------|
| Karin Bangor | f. 1948 |
| Ingebjørg Kleivi | f. 1926 |
| Georg Dagfinn Noraberg | f. 1935 |
| gravlagt i Nissedal | |
| Borghild Landsverk | f. 1928 |
| Sigrid Bendiksen | f. 1922 |
| Tarjei Anfinn Haugholmen | f. 1932 |
| Olav Kj. Vefald | f. 1941 |
| Tarjei Napen | f. 1926 |
| gravlagt i Skafså | |
| Karin Rinde | f. 1948 |
| gravlagt i Bø | |
| Gerd Kasland Johansen | f. 1942 |
| Arne Bekkevold | f. 1923 |
| gravferd frå Rikets Sal | |
| Ruth Irene Karlsen | f. 1928 |
| Berit Edvardsen | f. 1923 |
| Olav Djuve | f. 1916 |
| Arne Sigmund Ståland | f. 1937 |

Flatdal

Døypete:

Aksel Flatland
Viljar Knutson Skeie

Vigde:

Charlotte Nøklegaard og
Sondre Mæland

Oxana Ringhus Gustavsen og
Florent Remi Meyer
Hanne Christine Smeland og
Geir Even Edvardsen
(Uppigard Natadal)

Døde:

Ansgar Fiva f. 1944

Åmotsdal

Døypete:

Eivind Olavson Valhovd

Nutheim kapell

Døypete:

Ingebjørg Aase

Vigde:

Cathrine Dahl og Ørjan Aas

Manndal kapell

Døypete:

Fillip Emil Engesæter
Emilie Oland Engesæter
Erik Jonatan Engesæter

- - - 0 - - -

Samtalekveldar på Misjonshuset

Annakvar tysdag er du velkommen på Misjonshuset i Seljord. Vi startar med kveldsmat kl. 19.00 før vi får ein gjennomgang av teksten for Gudstestesta fylgjande sundag. Deretter er det tid for spørsmål og samtale.

I vårhalvåret vert det samtalekveldar fylgjande tysdagar: 10. og 25. jan., 7. og 28. feb., 14. og 28. mars, 25. april og 2. mai. I tillegg til dette vert det Bibelhelg 24.-26. mars med besök av tidlegare Bibelskulelærar Kurt Hjemdal. Møta vert kunngjort i VTB og på www.seljordindremisjon.no

Alle er velkomne!

Kyrkja godt representert på Dyrsku'n



Representantar frå kyrkja og Kirkens Nödhjelp deltok med eigen stand på årets Dyrsku.

Den norske kyrkja var godt representert på årets Dyrsku i Seljord. Saman med Kirkens Nödhjelp hadde Øvre Telemark prosti ein eigen stand på storstevnet.

I tillegg til dette var det både kyrkjeleg vigsel og familiegudsteneste i løpet av stevnehelga. Det er viktig at kyrkja er til stades der folk er samla.



Soknepresten i Seljord vigde årets brurepar inne på Sterke Nils Tunet på Dyrskuplassen. Her står brureparet framføre smeden som smidde dei i hymens lenker etter vigelsen.

Kyrkjeverjespalta

Flatdal kyrkje har blitt måla i sommar. Det var Jusys salg og service AS som utførte jobben på beste måte. Donatas Jusys som driv firmaet held til i den gamle bensinstasjonen i Flatdal, og er eit lokalt firma med fleire tilsette som er busette i kommunen.

Bårehuset i Flatdal skulle også ha vore måla, og rotne kledningsbord skulle vore skift ut. Det var ikkje råd å skaffe pengar til dette i 2016, så det må gjerast seinare.

Åmotsdal kyrkje treng også sårt til måling, og det må fellesrådet på eit eller

anna vis skaffe pengar til neste år. Kyrkjegardsmuren i Åmotsdal har vore rasa ut fleire stader, og i sommar stilte det opp ein kraftig dugnadsjeng og lødde opp att muren, stor takk til dei. Sidan muren er laga av kulestein er det ikkje lett å få han stabil.

Elles har det vore store kostnader og mykje tidsbruk på nye dataløysingar ved kyrkjekontoret. Det er nødvendig at kyrkja heng med i det moderne samfunnet som dei gjer i andre kyrkjelege fellesråd, ikkje minst sidan vi har prostesetet i Seljord.

Jon Svartdal

Landstaddagar 2016



Landstaddagar: Biskop emeritus Ernst Baasland løfta fram Magnus Brostrup Landstad som nasjonal strateg under Landstaddagane på Nutheim i august 2016.

I år vart det etter ein gong arrangert Landstaddagar på Nutheim. Oppslutnaden om årets seminar var betre enn nokon gong tidlegare.

Fleire foredragshaldarar var med. Ein av dei var biskop emeritus Ernst Baasland. Han hadde fantastisk gode foredrag, som løfta fram Magnus Brostrup Landstad som nasjonal strateg.

Av andre foredragshaldarar som var med, kan me nemna Ørnulf Hodne og Astrid Nora Ressem. Åge Haavik leia seminaret frå byrjinga til slutt.

Samarbeid kyrkjelyd og misjon



Våren 2016 hadde alle sokneråda i Seljord prestegjeld besøk av Jorun Lien få NMS. Ho ga oss innføring i prosjektet samarbeid kyrkjelyd og misjon. Samarbeid kyrkjelyd og misjon handlar om at kyrkjelydane kan inngå konkrete samarbeidsavtalar knytt til ulike misjonsprosjekt.

Alle tre sokneråda i Seljord har gjort vedtak om å arbeide for prosjektet Mor og barns helse i Etiopia. Dette er eit prosjekt NMS har ansvaret for, og som handlar om å hjelpe kvinner og barn til verdige og trygge forhold knytt til svangerskap og fødsel.

Slik skriver NMS på sine nettsider om prosjektet: En utbredt tradisjon blant folkegruppen gumuz, er at kvinner som skal føde må gå ut og være alene under fødselen. Stor barnedødelighet og mange fødselsskader hos kvinnene er resultatet. Dette kan vi gjøre noe med.

Som følgje av dette, vil ofringa på nokre av sundagane dei komande kyrkjeåra gå til dette prosjektet.

Dåp i Seljordsvatnet



Denne sumaren vart det halde dåp i Seljordsvatnet. Sundag 3. juli blei Birte Aurora døypt på Brennemo – med flotte omgivnader i Vår Herres eigen katedral. På biletet ser me dåpsbarnet saman med prest og familie og fadrar.

Haustattakkefest



I alle sokna har det blitt feira haustattakkefest i løpet av september og oktober. Kyrkjene har vore vakkert pynta og prega av haust og takksemd.



I Seljord hadde hagelaget ansvaret for pyntinga, medan soknrådet sto for det praktiske i Åmotsdal. I Flatdal hadde soknrådet god hjelp av Signe Kvåle Rue.

Me har mykje å vere takksame for - både som einskildmenneske og som folk. Tusen takk til alle som har vore med på å skipe til haustattakkefest i kyrkjelydane våre.

Utdeling av fireårsbok

Hausten er tid for utdeling av kyrkjebok til alle fireåringane i prestegjeldet. Denne utdelinga representerer ein viktig del av kyrkjelydane sitt trusopplæringsarbeid. Det er sokneråda som står for utdelinga.

Det har vore god oppslutnad om utdelinga. Dei som ikkje var til stades på utdelinga, kan kontakte kyrkjemkontoret for å få boka.



Frå utdelinga i Flatdal kyrkje.



Frå utdelinga i Åmotsdal kyrkje.



Frå utdelinga i Seljord kyrkje.

 SELJORDVARMESERVICE AS
www.seljordvarme.no eller ring oss på 35 08 41 00



Delar av kyrkjelyden på fjellmassa på Kjos 10. juli 2016.



Fløylist Silje Mikkelsen laga god stemning med fløyta si på Kjos.

FJELLMESSE PÅ KJOS

Tradisjonen tru vart det også i år arrangert fjellmesse i Åmotsdal.

Messa vart denne gongen arrangert på fjellgarden Kjos – 10. juli 2016. I tillegg til vanleg messe ved soknepresten, var det song av Karl Valhovd og musikk ved fløylist Silje Mikkelsen.

Messa hadde god oppslutnad, og vertskapet – Marit og John Olav Haugetuft – serverte nydeleg kyrkjekaffi og god graut i etterkant.

FESTIVAL I KIVLEDALEN

Siste helga i august 2016 vart det arrangert ein festival på Kivletunet i Kivledalen. Kyrkjelyden deltok i festivalen med ei messe sundag 28. august 2016. Sokneprest og kantor deltok, og det var song av barnekoret til kulturskulen i Seljord.



Trippeldåp i Manndal kapell

Sundag 21. august 2016 var ein stor dag i Manndal kapell.

I samband med Landstaddagane 2016 vart det arrangert messe i Manndal. Tre syskenborn blei døypt på same messa – Fillip Emil, Emilie og Erik Jonatan.

Leiaren for Landstadinstituttet, Åge Haavik, var predikant i kyrkja.

Denne messa blei avslutta med grautfest og kaffi og kakur. Soknerådet i Flatdal styrde alt det praktiske med stø hand.



Fullsett Manndal kapell

BABYSANG VÅR 2017



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

Dagen er: onsdag
Tid: 11.30

Datoane er :
**11. januar, 25. januar, 8. februar,
22. februar, 8. mars, 22. mars,
5. april og 26. april.**

VELKOMMEN!
Helsing frå Kyrkja i Seljord
v/Svanhild, soknediakon.
Viss du lurar på noko, ring:
Tlf. kontor: 480 85 754
Mobil: 915 77 011



Diakonens hjørne

*Lange dagar, ljose netter er forbi,
haustens vindar spelar opp sin melodi,
lauv fell av, fugl flyg over hav,
ein sommar farvel, takk for alt du gav!*

8. august byrja eg i 100% stilling som diakon, fordelt på Seljord og Hjartdal, halvparten på kvar.

Eg var så heldig å få vera med på bispevisitas i Hjartdal siste veka i august, det var ei fin oppleving!

Vi farta rundt i heile prestegjeldet, Sauland, Hjartdal og Tuddal, samtale med kommunen, flyktningkonsulent, Røde Kors, oppvekstsenteret i Tuddal og Hjartdal, konsert og temakovle i Sauland kyrkje, andakt på sjukeheimen, pensjonistmiddag i Tuddal, besøk på Bygdesentralen i Hjartdal, Refleksklubben i Hjartdal, og til slutt: Visitasgudsteneste i Hjartdal kyrkje med

flott korsong av Hjartdalskoret og mat og kaffi på Misjonshuset etterpå! Fine, lærerike dagar der me fekk oppleve mykje frivillighet i alle sokna, og stor velvilje for kyrka.

Eg gler meg over å få vere diakon på full tid, og ser fram til mange gode treffpunkt i tida som kjem.

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf. 915 77 011 / 480 85 754

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

Svanhild, soknediakon



Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Helga Bjørge
si gravferd.

*Helsing
Heimetenesta i
Seljord kommune*

Songkveldar på Flatdal Samfunnshus

Eit samarbeid mellom soknerådet i Flatdal, misjonslaget i Flatdal og Sion.

Datoane for hausten er:

4. november og 2. desember

For våren 2017 er datoane:

3. februar, 3. mars, 7. april og 5. mai

Jolefest i Manndal kapell



Sundag 8. januar 2017 vert det arrangert messe og jolefest i Manndal kapell. Denne messa er for heile prestegjeldet, og ikkje berre for dei som bur i og kring Manndal. Dessutan ber me spesielt alle 5-åringane i alle tre sokna til denne messa. Dei vil alle saman få ei gáve frå soknerådet på festen – nemleg boka Anton på eventyr i kyrkja. Denne boka er ei enkel og alderstilpassa innføring i kva som møter borna når dei kjem til kyrkja.

Det vert sendt ut innbyding til alle dei aktuelle heimane.

Antonboka: Anton på eventyr i kyrkja – ei bok som fortel om kva du møter når du kjem til kyrkja.

Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Per Aasmundsen
si gravferd.

*Helsing tilsette ved
somatisk avdeling
Nesbukti pleie- og om-
sorgssenter*

Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Tarjei Haugholmen
si gravferd.

*Helsing tilsette ved
somatisk avdeling
Nesbukti pleie- og om-
sorgssenter*

Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Borghild Landsverk
si gravferd.

*Helsing tilsette ved av-
deling for demente
Nesbukti pleie- og om-
sorgssenter*

LysVaken

Adventsnatt i kyrkja

Kvart år, laurdag før 1. søndag i adventstida, samlast tusenvis av 6.-klassingar i kyrkjer over heile landet for å vere med på LysVaken, med overnatting i kyrkja.

I Seljord, Flatdal og Åmotsdal har vi hatt LysVaken sidan 2011, og vi er fast i Flatdal kyrkje kvart år felles for 6.-klassingane i heile kommunen. I år arrangerast LysVaken frå laurdag (ettermiddag) 26. – søndag 27. november (etter gudstenesta).

Kanskje er du 6.-klassing, eller kjenner nokon som går i 6. klasse?

Dei som melder seg på kan vente seg mykje moro: konkurransar, leikar, pizza, film på storskjerm, musikk, dans, gudstenesteverkstad (vi er med å lage gudstenesta som skal vere på søndag), og mykje meir! Og sist, men ikkje minst: få moglegheit til å overnatte i kyrkja!

Påmeldinga i år skjer på heimesida vår: seljordkyrkje.no, der ligg det påmeldingsskjema på sida ”påmeldingar”.

På søndagen, 27. november, er det LysVaken gudsteneste for alle i Flatdal kyrkje. Vi lovar liv og røre og håpar på stappfull kyrkje denne dagen! ☺



**Her er nokre bilete frå
LysVaken i 2015:**

Pilegrimsvandring i Landstads fotefar



Harald Barstad hadde mykje fint å fortelje langs ruta

Sundag 17. juni 2016 vart det arrangert pilegrimsvandring i Landstads fotefar.

Vandringa gjekk frå Svartdal til Åmotsdal – og me nytta den gamle Skarsvegen – vegen som Magnus Brostrup Landstad i si tid nytta når han skulle på anneksreise til Åmotsdal.

Undervegs vart det lese tekstar og sunge songar som var knytt til vandringa. Dessutan vart Landstads eige dikt Anneksreisen nytta som vegvisar og guide for vandringa.



Vandrarane på veg opp Skarsvegen.



Matpause ved Skarsstjønni.

Pilegrimsvandringa gjekk føre seg i strålende solskin, og vart avslutta med nattverdmesse i Åmotsdal kyrkje.



Vekanvegen 10
3835 Seljord
Telefon 35 06 44 44

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

ET HENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Nordgarden Bygg

Ämotsdalsvegen 1615, 3844 Ämotsdal
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

**ATELIER
ÅSE**

3840 SELJORD
Telefon 350 50 809

SAUM
VEV
TREARBEID
STOFF
GARN

Alt i møbler
BoSenteret as

Møbel- og teppeforretning
Postboks 44 - 3835 Seljord

Smarte klær hele året fra
EVELYN'S MAGASIN A/S

Seljord - Telefon 350 50 955

MIN SALONG

Damefrisør

Seljord - Telefon 350 50 296

T.TVEITAN %

Brøløsvegen - 3840 Seljord
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør
Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker





granvin kulturhus
seljord

Granvin kulturhus AS

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær
Ta kontakt med oss.

Nyveg 16. 3840 Seljord – Telefon: 35065990

epost: post@grankinkulturhus.no – www.grankinkulturhus.no



Telefon 91 76 76 72

Ivar Johansen
Seljord

Gravminner

Navnetilføyelser
Omslip og oppussing



STEINRIKET
NORDICSTONE AS

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjødalbyng - Telefon 33 15 64 64 - www.steinriket.no

BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817



byggmester@live.no



Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal

Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661

www.flatdalhandlaft.no





TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière. Hørselshemmedes Landsforbund – www.hlf.no



BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



Seljord

Sparebanken DNB

Lokalbanken i Vest-Telemark
Tlf: 35 06 57 00
www.sparebankendin.no
firmapost@sparebankendin.no



Statoil Service Seljord

Forhandler Kjell Birger Teigen
3840 Seljord
Telefon: 35 05 04 88
Telefon privat: 35 05 05 64
Bankgiro: 2711.05.00179



Funnemark SELJORD A/S

Ny eller brukt bil i alle prisklasser

Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 SELJORD

Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

Alt i bakevarer

Adventssaming Åmotsdal

Det vert adventssamling for små og store born på Åmotsdal Grendehus tysdag 29. november kl 17:00–19:00.

Program:

Øving til ljossessa som skal vere i kyrkja sundag 4. desember kl 17:00. Alle 6-åringane er spesielt velkomne. Dei vil få utdelt adventskalender som gavé frå soknerådet. Det vert servert pizza og drikke.



Nutheim Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen

Telefon 35 05 21 43

ALT I INNRAMMING

Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:

www.rammeforum.com



RAMME F.O.R.U.M

3840 Seljord
Telefon 35 05 02 10

FØREMIDDAGSTREFF

Vår 2017

FLATDAL

Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00

| | |
|-----------------|-------------|
| Flatdal Bedehus | 18. januar |
| Sion | 15. februar |
| Flatdal Bedehus | 15. mars |
| Sion | 19. april |
| Flatdal Bedehus | 10. mai |

Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

SELJORD MISJONSHUS

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

| |
|-------------|
| 29. januar |
| 24. februar |
| 24. mars |
| 31. april |

Med helsing Seljord sokneråd

STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

| |
|----------|
| 17. mars |
| 16. juni |

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Steinmoen Bu – og servicesenter og
Åmotsdal sokneråd*

SION I LANGLIM

Dag: Måndag Tid: kl. 11.00

| |
|-------------|
| 27. februar |
| 29. mai |

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannadal kapell

GUDSTENESTER

6. nov.– Allehelgendsdag

Seljord kyrkje kl. 19.00:

Svanhild Rui Gustavsen og
Dag Harald Undheim.

Me les namna og tener lys for
dei som er gravlagt i Seljord,
Flatdal og Åmotsdal sokn sidan
sist Allehelgendsdag.

13. nov. – 26. s i treeiningstida

Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Kjell Johan Nenseter.
Offer: Misjonshøgskulen

20. nov. – Domssøndag/Kristi kongedag

Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Barne- og ungdomsarb.
Utdeling av adventskalender til
fyrsteklassingar.

27. nov. – 1. s. i adventstida

Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Lys Vaken gudsteneste –

Petter Jakobsen

Utdeling av adventskalender til
fyrsteklassingar og Aktivitetsbi-
bel til 11-åringar.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

4. des. – 2. s. i adventstida

Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim

Offer: Kirkens Bymisjon

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00:
Dag Harald Undheim. Lysmesse.
Offer:

11. des. – 3. s. i adventstida

Nes Bedehus kl. 11.00:

Dag Harald Undheim

Offer: Nes Bedehus.

13. des., tysdag

Seljord kyrkje kl. 19.30:

«Det smakar jol»

18. des. – 4. s. i adventstida

Nutheim kapell kl. 19.00:

Dag Harald Undheim
Offer. Ungdomsarbeidet

24. des. – Joleftan

Seljord kyrkje kl. 15.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Barne- og ungdomsarb.

Seljord kyrkje kl. 16.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Kirkens Nødhjelp

Flatdal kyrkje kl. 15.00:

Petter Jakobsen
Offer: NMS

25. des. – Joledag

Seljord kyrkje kl. 12.00:

Dag Harald Undheim.
Offer: NMS

28.des. – 4. joledag

Åm otsdal kyrkje kl. 17.00:

Dag Harald Undheim og Karl
Valhovd.

Offer: Betel og Kyrkjelydsarb.
Joletrefest på Grendehuset etter
massa.

31. des. – Nyttårseftan

Seljord kyrkje kl. 16.00:

Dag Harald Undheim
Offer. Kyrkjelydsarbeidet

2017

**8. jan. – Kristi openberrings-
dag**

Mannadal kapell kl. 17.00:

Dag Harald Undheim
Joletrefest etter messa.

Fem-åringane i kommunen er
spesielt invitert til denne gudste-
nesta. Loddsal.

15. jan. – 2. s. i openberringstida

Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Misjonsprosjektet

22. jan. – 3. s. i openberringstida

Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Misjonsprosjektet

29. jan. – 4. s. i openberringstida

Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5. feb. – 5. s. i openberringstida

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00:

Petter Jakobsen. Solidaritetsgud-
steneste. Offer: Redd Barna

12. feb. – Såmannssundag

Seljord kyrkje kl. 19.00:

Taraldsmesse.

Dag Harald Undheim

Offer: Bibelselskapet

19. feb. – Kristi forklaringsdag

Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

26. feb. – Fastelavnssundag

Inga gudsteneste/Winterferie

Atterhald om endringar